

Styremøte i SiN

Veterinærhøgskolen, Oslo, 8. mars 2005
Til stade: Karl Fredrik Alnes (på telefon fra Bergen),
Erwin Meissner Schau, Jørn Henrik Sønstebø og
Erlend Haugarvoll (referent).



Sak 01/05: Konstituering og valg av nestleder og økonomiansvarleg

Deltakarane vart presentert.
Innkalling og saksliste godkjent.
Erwin er møteleiar, Erlend skriv referat.

Sak 02/05: Val av nestleiar og økonomiansvarleg

Styret for 2005 blei konstituert i fylgje SiN vedtektene. Styret valte fylgjande fordeling av oppgåver og verv ved akklamasjon: Jørn Henrik vart nestleiar og Erlend økonomiansvarleg.

Sak 03/05: EURODOC seminar

Erwin og Erlend skal på seminaret og presentere SiN. Gjekk gjennom og drøfta enkelte punkt i spørjeskjemaet til seminaret. Såg over posteren SiN skal presenter på seminaret.

Sak 04/05: Arbeid framover

[Arbeidsprogrammet](#) frå årsmøte vart gått gjennom. Fylgjande vart kommentert:

Ia: styret sender ut fyrste nyheitsbrev med informasjon om styremøtet og henta inn informasjon frå medlemsorganisasjonane om saker dei arbeider med, og som styret ynskjer å vite meir om. Kontaktadresser til styra i lokalorganisasjonane er viktig for å få flyt på informasjonen. Karl Fredrik vert webansvarleg.

Saksordførar: Erwin.

Ib: Få oversikt over og få fullført arbeidet med doktorgradshandboka. Jørn Henrik tar saman med FODOS ansvar for å få satt dokumentet saman. Saksordførar: Jørn Henrik.

Ic: Diskuterte korleis stipendiatororganisasjonane kan kome inn tidlegare under tilsettingsprosessen. Det bør informerast tidlegare om rettigheitar, lønskrav og kva hjelp organisasjonane kan gje. Bør få lokalorganisasjonane i kontakt med administrasjonen lokalt og så få tilbakemeldingar på innspelet. Saksordførar: Erwin gjennom nyheitsbrevet.

II: Målsetning om eit seminar i september og eit under årsmøte. FODOS og DIOV vurderar å arrangerer temamøter.

III: Betra gjennomføringstida og gjennomføringshøvet. Få lokalorganisasjonane til å informere styret om deira arbeid gjennom oppfordring i nyheitsbrevet. Tar det vidare på neste styremøte.

IVa: Erwin snakkar med DION om deira høyringsinstanstilknytning.

IVb: Jørn Henrik informerte om at det nye **forslaget** til UH-lova opna for styrer representasjon for midlartidig tilsette i undervisnings- og forskarstilling når dei utgjer meir enn 25% av de tilsette i undervisnings- og forskarstillingar ved institusjonen, §9-4, 2. ledd

(<http://www.stortinget.no/inno/2004/200405-048-014.html>).

VI: Arbeide lokalt og mot organisasjonane for å auke legitimiteten til organisasjonsarbeidet.

VIII: Erwin påpeika at det rette namnet for doktorandar var "PhD-candidates" eller "research fellow" (<http://www.ntnu.no/universitetsavisa/0200/stewart.html>). Dette gjer oss også meir som arbeidstakarar. Samstundes ynskjer me same lønsplassering som lektorar (Lønsramme. 25) og andre samanliknelege grupper. Meir informasjon under styremøtesak 03/04 og 20/04 (<http://www.stipendiat.no/htm/4/referat.htm>).

Sak 05/05: Eventuelt

Godkjende støtteskriv til organisasjonane om medlemsavgift. Erwin sender ut dette skrivet til lokallaga.

Sak 06/05:

Evaluering av møtekontakt på telefon. Konkluderte med at det går bra å ha telefonmøter. Bør ha internettkontakt.

Neste møte foreslått morgonen 2. mai på Veterinærhøgskolen.